



Robert Ørjan Espedal
Lundhaugvegen 29
5221 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6372 - 22/74460

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
28.09.2022

Stadfesting av mottatt melding om mogleg ulovleg tilfelle - gbnr 234/22

Tiltak: Terrenginngrep
Byggjestad: Gbnr: 234/22

Kommunen viser til din melding om mogleg ulovleg tilfelle mottatt 16.08.22.

Kva skjer vidare?

Dersom vi finn ut at det er snakk om eit ulovleg tilfelle, opprettar vi ei sak og kontaktar eigar av eigedommen. Dersom vi vurderer tilfellet som mindre alvorleg, kan kommunen avstå frå å følgje opp saka vidare.

Kva skjer når kommunen vert kjent med eit ulovleg tilfelle?

Om kommunen finn grunn til å undersøkje saka vil den ansvarlege bli kontakta av kommunen. All vidare saksangang vil vere ei sak mellom kommunen og den ansvarlege for det ulovlege tilfellet.

Kommunen vil kun ta kontakt med deg om det er trong for meir informasjon.

Når kommunen har undersøkt saka vil den ansvarlege få eit brev om vidare oppfølging. I brevet vert det gitt informasjon om kva som er ulovleg.

Du kan følgje saka i postlistene til kommunen

Kommunen har open innsynsløsning der du kan følgje saka. Innsynsløsninga der du kan søke etter saka finn du på <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/innsyn-i-saker/>.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Robert Ørjan Espedal

Lundhaugvegen 29

5221

NESTUN